

Terminlista for langrennssesongen er klar.

29.12.2018



Frå trening på ein tidlegare skiskule

I romjula møttest representantar for skigruppene i dei ulike idrettslaga i kommunen, og då vart terminlista for dei lokale langrenna endeleg fastsett. Det er no bra aktivitet både i Omvikdalen, Rosendal, Ternen i tillegg til Uskedalen så slik sett skulle det liggja godt til rette for ein aktiv og god sesong.

Det er lagt opp til 6 konkuransar der det er planlagt at to skal føregå i Tveitedalen skisenter medan dei resterande 4 vert arrangert i Fjellhaugen skisenter. No håpar dei på gode snøforhold både til trening og renn. Skulle det bli nødvendig å utsetja nokre av renna, vil dei prøva å arrangera dei som kveldsrenn eller i april om mogeleg.

Første renn vert karusellrenn i klassisk stil, arrangerert av UIL, i Fjellhaugen den 20.januar. Uskedal IL skal også stå for arrangementet når det populære Telenorrennet vert avvikla 17.mars. Det er eit sprintrenn. Ein forhåpenlegvis vellukka sesong vert avslutta med stafett 24.mars med Rosendal turnlag og Omvikdalen idrettslag som arrangør.

Elles er terminlista for sesongen slik:

- Søndag 20. jan – Fjellhaugen – Karusellrenn – klassisk – UIL
- Tysdag 05. feb – Tveitedalen – Karusellrenn – Fristil – Ternen
- Søndag 17. feb – Fjellhaugen – Skibytte – kl/fri – OIL
- Søndag 10. mar – Tveitedalen – Kvhmeisterskap – Klassisk – Ternen
- Søndag 17. mar – Fjellhaugen – Telenorrennet – sprint/fri – UIL
- Søndag 24. mar – Stafett – kl/fri/fri – RTL

Då er det berre å kryssa fingrane og håpe på gode forhold for dei aktive og flinke skiløparane i kommunen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Knut Johannes Ripei